

Jubeldag på kunsten!

05.10.2015



Første fotballkamp på kunstgrasbanen.

I ettermiddag var arbeidet med banedekket på den nye kunstgrasbanen fullført, og frå klokka var halv fem strøymde det til med unge fotballspelarar av begge kjønn. Naturleg nok var dei yngste først, men like etter klokka fem kom også vaksne ungdommar. Snart var første kampen i gong. Gutar og jenter, og dei yngste på same lag som dei eldste. Akkurat slik det skal vera på ein god sosial samlingsplass.



Denne gjengen var på plass kl.17: Anders I. Myklebust, Mathias Børve, Johan S. Kroka, Jostein Soldal, Filip og Joacim Musland, Camilla, Linnea og Emma M. Ripel, Helene Myklebust, Pål I. Haugland, Saule Zemaitaityte og Kristoffer Hauge.

Dei unge var tydeleg fornøgd med den nye banen.

- Må vera beste kunsten i heile Hordaland, han er kjempebra, meldte Mathias Børve. Einaste dei ventar på no er dei nye måla. Dei er nok rett rundt hjørnet, for dei er bestilt. Og den fine banen skal verta endå finare etter litt bruk. Om 3-4 månader, altså rundt juletider skal den vera på sitt finaste,

Då eg samla dei i midtsirkelen for fotografering klokka 17, og spurde om det var noko dei ville sei, var det mange som hadde noko på hjarta:

- Vi har gleda oss veldig til dette!
- Vi er kjempeglad for at vi har fått denne banen. Det er så bra!
- Vi vil takka dei som har jobba. Det er veldig mange.

- Kva planar har de for haustferien då?

- Spela fotball her, ropa dei i kor.

- I HEILE ferien, la Anders Isdal Myklebust til med skikkeleg ettertrykk.

Heldige var dei i alle fall at den vart klar til haustferien, og at vermeldingane er bra utover i veka.

Då klokka nærma seg halv 6 var det over 25 spelarar på banen. Medan kampen på banen føregjekk med liv og lyst, kom og ein del foreldre med mindre born. Det er ikkje tvil om at dette vert ein viktig sosial møteplass i bygda. Tenk når heile anlegget er ferdig!!



Dei 4 første jentene som kom, var Linnea, Emma, Cammilla og Helene



Mathias, Anders og Jostein var dei tre første gutane som dukka opp.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland